



Arkivnr: 2014/14561-3

Saksbehandlar: Marit Rødseth og Per Nordmark

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		
Opplærings- og helseutvalet		
Samferdselsutvalet		
Fylkesutvalet		

## Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel – vedtak av høyringsforslag

### Samandrag

I samsvar med regional planstrategi for 2010 – 2014 er det utarbeidd høyringsforslag til *regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel*. Planen skal erstatta gjeldande fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel frå 2002.

Fylkesutvalet skal no gjera vedtak om at høyringsforslag vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Planen er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 8-2 og inneheld planskildring med mål og strategiar, retningslinjer og føresegner, handlingsprogram og konsekvensutgreiing. Planen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen.

Planen inneheld føresegner for handel som gjer at planen erstattar *forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre*.

Planarbeidet har vore leia av ei politisk samansett styringsgruppe med fylkesordførar som leiar. Ei administrativ arbeidsgruppe har gitt innspel til planen. Kommunane har vore godt representert i begge gruppene. Det har vore ei rekkje opne medverknadsarrangement med god deltaking.

Planen har som føremål å leggja grunnlag for vekst i heile fylket ved å fastsetja ein senterstruktur, bidra til utvikling av velfungerande og attraktive sentrum, stimulera til god lokalisering av handel og tenester og utvikling av gode transportløysingar. Planen har fem hovudtema:

- Hovudmål, strategiar og senterstruktur
- Attraktive sentrumsområde
- Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod
- Handel og kjøpesenter
- Transport

Fylkesrådmannen tilrår at styringsgruppa sitt forslag til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* vert lagt ut på høyring med høyringsperiode 1. juni til 22. august 2014.

## **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentlig ettersyn forslag til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel*. Høyringsperioden vert 1. juni til 22. august 2014.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg:

Forslag til Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel, datert 02.05.2014.

## Fylkesrådmannen, 24.04.2014

### Bakgrunn

*Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* er forankra i *Regional planstrategi for Hordaland 2010-2012* og erstattar gjeldande *Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel* frå 2002. Planen avløyser og aktuelle tema i *Fylkesplan for Hordaland 2005-2008*.

Planprogram for planen og oppstart vart vedteke av Fylkesutvalet 20.02.2013. Fylkesutvalet utnemnde i same møte tre representantar til styringsgruppa.

Fylkesutvalet skal no gjera vedtak om å leggja planen ut på høyring, etter tilråding frå Kultur- og ressursutvalet, Samferdselsutvalet og Opplærings- og helseutvalet. Det vert tilrådd høyring i perioden 1. juni til 22. august. Hordaland fylkeskommune inviterer tidleg i juni 2014 til eit ope informasjonsmøte med presentasjon av planforslaget.

Etter framdriftsplanen vedtek Fylkestinget *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* i oktober 2014. Vedtaket vert gjort etter tilråding frå Kultur- og ressursutvalet, Samferdselsutvalet, Opplærings- og helseutvalet og Hordaland fylkesutval.

### Rammer og verknad

Regional plan for attraktive senter er ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-1. Den skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen (§ 8-2). Mål, retningslinjer og handlingsprogram i planen skal vera førande for fylkeskommunen og statlege regionale organ i fylket når det gjeld verksemdplaner, forvaltningsvedtak og budsjett.

Planen erstattar gjeldande *Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel* og *Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre*.

I samsvar med krav i plan- og bygningslova er den regionale planen samansett av desse delane:

- Planskildring med mål og strategiar
- Føresegner og retningslinjer
- Handlingsprogram
- Konsekvensutgreiing

#### Planskildring med konsekvensutgreiing

Planen gir gjennom mål og strategiar og planskildring retning for utviklinga av attraktive senter. Planen har eit tidsperspektiv på tolv år. Behovet for planrevisjon vert vurdert kvart 4. år i regional planstrategi.

Plan- og bygningslova § 4-2 set krav om at det skal utarbeidast konsekvensutgreiing for regionale planar med retningslinjer eller ramme for framtidig utbygging. Konsekvensutgreiinga skal omtala og vurdere verknader for miljø og samfunn. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for planen med to alternativ: Alternativ 0 = gjeldande plan vert vidareført. Alternativ 1 = Verknad av framlegg til regional plan for attraktive senter i Hordaland. Konsekvensutgreiinga ligg som vedlegg til planen.

#### Retningslinjer og føresegner

Planen inneheld retningslinjer for areal og forvaltning. Retningslinjene er eit verkemiddel for å oppfylle måla i planen. Retningslinjer for arealbruk er knytt til tema attraktive sentrum, handel og transport og vil vera innspel til kommunal arealplanlegging. Retningslinjene er grunnlag for vurdering av motsegn frå regionale organ, men må sjåast i ein heilskap med ulike interesser i den konkrete planen. Berre når nasjonale interesser og vesentlege regionale interesser er råka kan motsegn grunnjevast.

#### Føresegner

Planen inneheld føresegn for areal under Kapittel 4 Handel og kjøpesenter. Føresegner er juridisk bindande for kommunane og for private utbyggjarar. Tiltak kan ikkje gjennomførast i strid med føresegnene.

Føresegnene beskriv korleis saker som gjeld nytt handelsareal skal handterast når det gjeld omfang, lokalisering og bruk av handelsanalysar. Føresegnene gjeld for 10 år frå vedtaksdato. Ved vedtak av planen med føresegner erstattar planen *Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre* frå 2008.

Etter vedtak av føresegner i regional plan skal desse kunngjerast i Norsk Lovtidend, og gjerast kjend for departement, fylkesmann, aktuelle kommunar og statlege myndigheiter.

Om gode grunnar likevel talar for gjennomføring kan Fylkesutvalet gje samtykke til tiltak som bryt med føresegnene når det gjeld handel, dersom dette kan sameinast med mål- og retningslinjer i regional plan for attraktive senter.

#### Handlingsprogram

Det er utarbeida eit handlingsprogram for gjennomføring av planen. Handlingsprogrammet skal vedtakast av regional planmyndigheit og rullerast årleg med ein hovudrevisjon kvart 4. år. Tiltaka er lista sist i kvart av kapitla i plandokumentet. Handlingsprogrammet er tilpassa eksisterande budsjetttrammer og samfinansiering.

#### **Organisering**

Planarbeidet har hatt ei politisk styringsgruppe med følgjande deltakarar:

- Fylkesordfører – Tom-Christer Nilsen (leiar)
- Fylkestinget – Astrid Farestveit Selsvold
- Fylkestinget – Terje Søviknes
- Regionrådet Nordhordland – Astrid Aarhus Byrknes, ordfører Lindås / Nils Marton Aadland, ordfører Meland
- Regionrådet Vest – Eli Årdal Berland, ordfører Fjell
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland – Synnøve Solbakken, ordfører Kvinnherad
- Hardangerrådet – John Opdal, ordfører Odda/ Asbjørn Tolo, ordfører Kvam herad
- Bergen kommune – Filip Rygg, byråd for byutvikling, klima og miljø

Ei administrativ arbeidsgruppe har vore fast referansegruppe i arbeidet med planen.

Arbeidsgruppa har hatt følgjande deltakarar:

- Fylkesdirektør for regional utvikling – Bård Sandal (leiar)
- Ungdommens fylkesutval – Agnes Bernes
- Fylkesmannen i Hordaland – Torgeir Flo, kommunal- og samfunnsplanavdelinga
- Næringsalliansen i Hordaland – Anne-Grete Sandtorv, Stord Næringsråd
- Distriktskommune representert ved Eidfjord kommune – Aud Oppheim Lygre, rådmann
- Kommune med regionsenter representert ved Fjell kommune – Steinar Nesse, rådmann
- Bergen kommune – Kjell Åge Matre, fagsjef etat for plan og geodata
- Kultur- og idrettsavdelinga i fylkeskommunen – Ronny Skaar, utviklingssjef kunst- og kulturformidling

Planseksjonen i fylkeskommunen har vore sekretariat for planarbeidet.

#### **Medverknad**

Det er gjennomført 4 større temasamlingar med brei deltaking der både kommunar, regionale og statlege organ, næringslivsrepresentantar, relevante fagmiljø og andre har vore godt representert. Samlingane har fått fram og formidla relevant kunnskap, gitt høve til medverknad og skapt engasjement og forankring for planen.

Hovudtema har vore: Attraktive sentrum, - Handel og kjøpesenter, - Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod, – Senterstruktur, - Transport. Det er halde to arbeidssamlingar med inviterte fagpersonar. Ungdommens fylkesting gav innspel til planarbeidet gjennom spørjeundersøking. Regionsenterkommunane i fylket vart samla til konsultasjonsmøte og formidla erfaringar og tilrådingar. I sum har over 500 personar delteke i medverknadsarrangement.

Styringsgruppa, arbeidsgruppa og plansekretariatet gjennomførte to studieturar med fokus på plantema: Til Sunnhordland og Rogaland, og til Nederland – provinsen Flevoland og byen Groningen.

### **Kunnskapsgrunnlag**

Det er gjort slike utgreiingar i planprosessen:

- Befolkningsundersøking om sentrumsområde (AUD-rapport Nr 1-13)
- Kartlegging av handel og kjøpesenter i Hordaland (AUD-rapport Nr 7-13)
- Kartlegging av statlege tenester i Hordaland
- Kartlegging av fylkeskommunale tenester i Hordaland
- Befolkningstettheit og reiseavstand relatert til regionale senter

### **Innhald i planen**

Styringsgruppa har utarbeidd utkast til plan som er vedlagt. Det viktigaste frå innhaldet i planen vert referert her. Planen er delt inn i 5 kapittel i samsvar med plantema.

#### Kapittel 1 Hovudmål, strategiar og senterstruktur

Den overordna målsetjinga med planen er at Hordaland skal ha attraktive senter i heile fylket som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport, og legg til rette for vekst i heile fylket. Kapittel 1. presenterer hovudmålet og overordna mål for kvart av dei andre temakapitla i planen.

Planen har fire strategiar:

- Styrka arealplanlegging
- Betre samordning
- Auka kunnskap
- Bruk av økonomiske verkemiddel

Planen vidarefører det hierarki av senter som vart vedteke i fylkesdelplanen frå 2002.

- Fylkessenter
- Regionsenter
- Kommunesenter
- Bydelssenter i Bergen
- Lokalsenter
- Nærsenter

Kriteria for regionsenter er nye. Desse er:

- Eksisterande regionsenter ligg fast
- Alle innbyggjarar skal kunna nå eit regionsenter innan ca ein times køyring
- Regionsentera skal ha eit omland på minimum 10 000 innbyggjarar
- Nye regionsenter rundt Bergen må ha eit omland med meir enn 25 000 innbyggjarar

Dei etablerte regionsentera vert oppretthalde. I tillegg er det definert to nye regionale senter: Husnes i Kvinnherad kommune og Kleppstø i Askøy kommune.

Omland for kvart regionsenter er vist i planen som retningsgjevande for tenester og handel.

Bydelssenter i Bergen vert fastsett av Bergen kommune, men nokre kan ha regional funksjonar, t.d. Åsane, Arna og Rådal/Lagunen.

Senterstrukturen skal leggjast til grunn for planlegging og forvaltning i fylket og skal vidare detaljerast av kommunane.

#### Kapittel 2 Attraktive sentrumsområde

Planen legg vekt på at det vert utvikla gode og attraktive sentrum der det er god balanse mellom handel, tenester, kulturtilbod og bustader i sentrum. Ei målsetjing er at sentera får eit definert sentrumsområde som

vert utvikla og fortetta med god arkitektur bygd på staden sin identitet og har gode offentlege areal og møteplassar. Planen legg og vekt på at det kan skapast aktivitet og liv i sentrum heile døgnet. Planen peikar på behovet for offentleg områdeplanlegging for sentrumsområde. Retningslinene legg vekt på prioritering og samfinansiering gjennom offentlege verkemiddel. Handlingsprogrammet legg vekt på samspel med kommunar og næringsliv om vidare detaljering av utforming og funksjon i sentrum.

### Kapittel 3 Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod

Planen legg vekt på at sentera skal tilretteleggjast for mangfald av tenester og arbeidsplassar tilpassa nivået i senterstrukturen. Retningslinjer gjev føringar for lokalisering av statlege, regionale og fylkeskommunale tenester som er besøksintensive. Samlokalisering av private og offentlege vil bidra til attraktive senter i heile fylket. Handlingsprogrammet inneheld tiltak for betre samordning av offentlege tenester.

### Kapittel 4 Handel og kjøpesenter

Planen har som mål at sentera skal vera attraktive for handel dimensjonert etter nivå i senterstrukturen. Handel er særskild viktig for attraktiviteten i eit senter og det er ønskeleg å leggja til rette for handelsverksemd i senter. Ny detaljhandel skal i hovudsak lokaliserast i senter og innanfor sentrumsområdet. Daglegvarehandel bør og lokaliserast i senter eller nær bustadområde.

I føresegnene blir det fastsett at ny detaljhandel over 3000 m<sup>2</sup> berre er tillate i senter. For ny detaljhandel over denne grensa må det utarbeidast handelsanalyse. Handlingsprogrammet legg opp til å utvikla mal for gode handelsanalyser og å oppretta møteplass mellom handelsnæringa og planmyndigheita.

### Kapittel 5 Transport

Eit overordna mål i planen er at sentera skal vera tilrettelagt for effektiv transport til og i sentera. Retningslinene prioriterer gåande, syklande og kollektivreiser i sentrum, men legg til rette for tenleg tilkomst for alle brukargrupper. Retningslinene prioriterer kollektivknutepunkt i sentrum, og gjev normer for ladesatsjonar for el-bil og fyllestasjonar for hydrogen. Handlingsprogrammet har tiltak for betre planlegging for transport i sentrum, gode kollektivknutepunkt og gode gang- og sykkelveggar.

### **Fylkesrådmannens vurdering**

Fylkesrådmannen tilrår at styringsgruppa sitt forslag til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* vert lagt ut på høyring med høyringsperiode 1. juni til 22. august 2014.

Plan- og bygningslova set krav om minimum seks veker høyringsperiode. Grunna sommarferie vert det tilrådd ein lengre høyringsperiode på 12 veker. Det kan verta ei utfordring å vurdere og innarbeida høyringsinnspel slik at ein kan leggja fram sak til fylkestinget i oktober.

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med planprogrammet og byggjer på eit godt kunnskapsgrunnlag. Plandokumentet presenterer dei aktuelle utfordringar og vurderingar på ein god måte, med ei konsekvensutgreiing som synleggjer verknader av planen. Planen er i samsvar med krav i plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan.